



NF-REDNINGS/METODESEMINAR BRE (II)

Seminaret er obligatorisk for instruktørar som skal kvalifisere seg til nivå II bre men skal og gje fagleg oppdatering og vedlikehald av kompetanse gjennom erfaringsutveksling med andre instruktørar og miljø.

Dag	Stad	Praksis (øvingar)
Torsdag	Bretun kl. 20:00	Kursopning og presentasjon. Info om kursopplegegt. Inndeling i taulag.
Fredag	Nigardsbreen	Repetisjon av kameratrednings-metodar og øving på meir avanserte kameratrednings-metodar.
Laurdag	Nigardsbreen	Avanserte kameratredningsmetodar med skada person(ar). Deltakarane skal sjølve løyse ulike situasjonar og problem. Vidare bruk av redningsbåre og rigging av taubane. Søk på bre.
Søndag	Nigardsbreen	Redningsøving. Ei praktisk øving retta mot situasjonar og ulike forhold ein vegleiar/førar kan kome opp i. Oppsummering av kurset/seminaret. Rydding og vasking av Bretun. Heimreise.

MOMENTLISTE FOR KVELDSØKTENE

- Gjennomgang av dagen og planlegging av neste dag
- Knutar, slynger og mekaniske 'dingsar'. Diskusjon om fordelar og ulemper.
- Varsling og organisering ved ei ulykke. Val av område for redningsøvingar.
- Analyse av risiko på kurs og under føring på bre.
- Døme på korleis ein redningsaksjon kan organiserast og gjennomførast.
- Repetisjon av grunnleggande kameratredning. Livreddande fyrstehjelp.
- Improvisasjon ved vanskeleg tilkomst.
- Heising, firing, og sikring av båre samt rigging av taubane.
- Søk i sprekkområde og bruk av sambandsstyr.
- Korleis framstå samt oppførsel ved ulykker på kurs og under føring.

Deltakarane skal på dette metodeseminaret vise ferdigheiter, eigenskapar og kunnskap når det gjeld vidaregåande kameratredning på bre. Deltakarane skal og vise solid eigenferdigheit på eigen trygg ferdsel på bre. Seminaret skal ta opp spesielle omsyn ved ulukker, både under kurs og føring.

NB!

Deltakarane blir vurderte etter endt kurs/seminar og vil då ev. bli tilrådd som godkjend NF-breinstruktør 2.



KURSINFO: NF-REDNING- og METODESEMINAR BRE (II)

- NÅR** Kurset varer i tre dagar, frå torsdag kveld til søndagkveld, ca. til kl. 17:00.
- OPPTAKSKRAV** Godkjend som NF-breinstruktør 1 samt solid eigenferdigheit på bre.
- KVAR** Oppmøte på Bretun, Krundalen 247, 6871 Jostedal torsdag kveld kl. 20.00.
Koordinatar: 61.63474 breddegrad og 7.22118 lengdegrad.
- OVERNATTING** Bretun. Sovepose i køyesenger i fleirsengsrom. Ta med inneklede og innesko.
- MAT** Kursdeltakarane har eigen mat og steller seg sjølve. På Gjerde, 2,5 km frå Bretun, er det ein Joker-matvarebutikk som ein passerer på veg til/frå breen.
NB! Ta med mat for torsdag kveld og fyrste dagen ute fram til middag.
- TRANSPORT** Det er ein fordel med eigen bil til intertransporten på kurset.
- BREUTSTYR** Ei klatreøks eller ev. ei vanleg isøks, stegjarn, bryst- og sitjesele samt innbindingslynge, tre isskruar (min. 20 cm), sju karabinarar (inkl. ein HMS-skrukarabiner og ein vanleg med skru), eitt snøanker, hjelm samt sydde bandslynger. Me bruker to sett sydde bandslynger: Sikringslynge (2 stk) a 120cm slynge og klemknoteslynge (2 stk) a 60cm slynge som klemknote- og fotslynger. P.g.a. lågt smeltepunkt tilrår me ikkje reine Dyneema slynger (Polyethylen - PE), men ei blanding av Dyneema og Polyamid (PE og PA) eller ev. slynger av berre Polyamid (PA).
- VURDERING** På redningsdelen skal det leggst avgjerande vekt på hensiktsmessig og truverdig innsats i redningsarbeid på bre. Deltakarar som viser låg eigenferdigheit og/eller manglande forståing for sikkerheit og metodar blir ikkje tilrådd som NF-breinstruktør 2.

Ev. forsikring er deltakaren sitt eige ansvar. Me tilrår å teikne ei reiseforsikring som dekkar kostnadene dersom du må avlyse kurset på grunn av skade/sjukdom.

**VEL MØTT TIL NF-REDNING/METODESEMINAR BRE I
JOSTEDALEN!**